

ØRSKOG KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
02.07.2015

Kopi til: Ordførar
Revisor
Rådmann

Medlemane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 09.07.2015 kl. 14.30
på rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 11/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 04.05.2015
- « 12/15 - Vederlag for opphold i institusjon
- « 13/15 - Prosjektskisse forvaltningsrevisjon – Sakutgreiing og oppfølging av politiske vedtak
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@skiks.no.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 4. mai 2015 kl. 16.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Inga Helen Støversten og Egil Vestre

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnson.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling, rådmann Synnøve Vasstrand Synnes og rådgjevar økonomi, Magny Hauge Dyrkorn.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 06/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 3. FEBRUAR 2015

Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:

Møtebok frå møte 3. februar 2015 blir godkjent.

SAK 07/15

ÅRSMELDING 2014 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 30.04.2015

Kontrollutvalet sitt samråystes vedtak:

Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Ørskog kommune til orientering.

SAK 08/15

KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument/innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 30.04.2015

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Ørskog kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.
2. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 1
3. Kontrollutvalet viser til det negative rekneskapsresultatet og presiserer at det er ei viktig oppgåve å få kommunens økonomi i balanse.
4. Kontrollutvalet vil følgje opp den økonomiske utviklinga i 2015.

SAK 09/15

UTSETT SAK OM BRØYTING JF. SAK 03/15

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 30.04.2015

Rådmannen ga ei orientering om temaet og om planlagt vidareutvikling av kontrollrutinar.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 10/15

VEDERLAG I INSTITUSJON

Temaet var oppe i sak 02/15 og er under arbeid i kommunerevisjonen. Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen orienterte at eit notat er under utarbeiding og at det er teke sikte på å kunne behandle dette før sommarferien.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Inga Helen Støversten
nestleiar
(sign.)

Egil Vestre
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 02.07.2015

**SAK 12/15
VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON**

Som vedlegg følgjer:

- Notat frå kommunerevisjonen datert 29.06.2015

Ovannemnde tema har vore til oppfølging i dei to tidlegare møta i år. Rådmannen og andre frå administrasjonen har møtt for å gi orientering om praktiseringa og saksbehandlinga av vederlag som følgje av klage frå innbyggjarar. Dette var i sak 02/15 og følgjande vedtak vart fatta:

Kontrollutvalet avventar rapportering frå kommunerevisjonen om administrering og innkrevjing av eigendelar.

I sak 10/15 vart kontrollutvalet orientert om status for oppdraget kommunerevisjonen fekk i sak 02/15.

No ligg det føre eit notat frå kommunerevisjonen som tek for seg ei oversiktleg utgreiing om regelverket.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet føreset at rådmannen i si saksbehandling legg til grunn den praksisen som kommunerevisjonen sitt notat legg opp til både i noverande saker og ved kontroll av tidlegare saker.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT

Frå: Kommunerevisjonen
Til: Ørskog kontrollutval
Dato: 29. juni 2015

VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON I ØRSKOG KOMMUNE – ETTEROPPGJER

1. Bakgrunn

Det blir vist til sak 02/15, der kontrollutvalet fekk ei orientering frå rådmannen om Ørskog kommune si handtering av etteroppgjer i tilknyting til vederlag for opphold i institusjon. På bakgrunn av orienteringa gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

«Kontrollutvalet avventar rapportering frå kommunerevisjonen om administrering og innkrevjing av eigendelar.»

Med bakgrunn i kontrollutvalet sitt vedtak, har kommunerevisjonen sett nærmere på Ørskog kommune sine rutinar knytt til administrering og innkrevjing av eigendelar.

Formålet med kommunerevisjonen sin gjennomgang har vore å undersøke Ørskog kommune sine rutinar og praksis i høve reglane om vederlag for opphold i institusjon. Vår gjennomgang har vore avgrensa til å sjå på kommunen sine rutinar for berekning av eigenandel for langtidsopphald med spesielt fokus på etteroppgjer. Ved vår gjennomgang har vi gjort ei vurdering av følgjande:

- A. Er Ørskog kommune sine rutinar og praksis for eigenbetaling for opphold i institusjon i samsvar med gjeldande regelverk?
- B. Korleis vert arbeidet kvalitetssikra med vederlagsbereking og saksbehandlinga i samband med dette?

Den første problemstillinga omfattar fire underproblemstillingar: sakshandsaminga, opphaldsutgiftene, utrekninga av eigenbetalinga og etteroppgjeret. Kommunerevisjonen har hatt spesiell fokus på kommunen si utrekning av vederlaget og etteroppgjeret.

Praksisen er i hovudsak vurdert med utgangspunkt i regelverket i forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Vidare er forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak sentrale. Kommunerevisjonen sin gjennomgang er på eit overordna nivå, og vi omtalar ikkje enkeltsaker i dette notatet.

I kommunerekneskapen for Ørskog kommune er det i åra 2010 – 2014 inntektsført følgjande i inntekter frå langtidsopphald:

2010	2011	2012	2013	2014
Kr 3 405 547	Kr 3 094 913	Kr 3 174 422	Kr 3 933 119	Kr 3 386 418

2. Kort om reglane for eigenbetaling for opphold i institusjon

2.1 Generelt

Bebuarar med opphold i institusjon må betale ein eigandel for opphaldet. For langtidsopphald blir denne eigendelen rekna med grunnlag i bebuaren sine inntektsforhold. I regelverket er hovudtrekka at det blir trekt 75 % av grunnbeløpet i folketrygda, trekt frå eit fribeløp. Av overskytande inntekter trekk ein 85 %. Eigenbetalinga skal ikkje overstige opphaltsutgiftene ved institusjonen. Eigenbetalinga er heimla i lov og forskrift. Det er mange forhold som påverkar storleiken på vederlaget, og utrekningane er kompliserte.

2.2 Etteroppgjer

Vederlagsberekinga er basert på årets nettoinntekt. Sidan kommunen krev løpande vederlag, må årets inntekt stipulerast til det ein trur vil vere rett vederlag på bakgrunn av bebuaren sin økonomi. Det er først ved årets utløp eller på eit endå seinare tidspunkt at ein sikkert kan fastslå den rette nettoinntekta. Ettersom det kan skje endringar i t.d. pensjon, renteinntekter, utlikna skatt mm. i løpet av året, er det stor mulegheit for at det førehandsstipulerte berekningsgrunnlaget ikkje er heilt rett.

For at vederlaget skal blir korrekt utrekna, er ei kontrollbereking med eit eventuelt etteroppgjer difor nødvendig.

I forskrift om eigenandel § 3 skal det gjennomførast ny berekning og eventuelt eit etteroppgjer av eigenandelberekinga dersom:

- Bebuaren sin økonomiske situasjon endrar seg vesentleg
- Tidlegare vedtak viser seg å bygge på feil opplysningar
- Skatteoppgjeret for føregåande år viser at det ikkje er rekna rett eigenandel

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, med følgjande unntak:

- Der det er gitt varsel
- Vedtaket blir endra til bebuar sin gunst
- Når forskrifta blir endra
- Feilaktige eller tilbakehaldne opplysningar

Dersom nye utrekningar viser at bebuar har betalt for mykje vederlag, har kommunen plikt til å tilbakebetale dette. Viser det seg at bebuaren etter nye utrekningar blir skyldig vederlag, har kommunen etter forskrifta § 3, 6. ledd ein rett, men ikkje plikt, til å krevje beløpet. Dersom kommunen krev tilbakebetaling frå bebuar, skal kommunen ta omsyn til bebuaren sin noverande evne til å betale eit eventuelt etterbetalingskrav, jfr. vederlagsforskrifta § 5, 4. ledd.

Reglane om etteroppgjer er også eit unntak frå hovudregelen om at nytt vedtak ikkje kan gjevast med tilbakeverkande kraft.

I samsvar med god forvaltingsskikk, bør eit tilbakebetalingskrav settast fram så tidleg som muleg. Det går ikkje fram av forskrifta noko strengare foreldingsreglar enn kva som følgjer av lov om forelding, dvs. normalt 3 år. På bakgrunn av dette, vil eit krav frå kommunen om tilbakebetaling vere gyldig så lenge det er innan fristen for forelding.

Plikta til å betale eigenandel gjeld til og med den dagen institusjonsophaldet opphører. Ved avslutta institusjonsophald må kommunen foreta eit etteroppgjer og sørge for at for mykje innkrevd eigendel blir betalt tilbake til bebuaren/arvingane/dødsbuet. Eventuelt kan kommunen krevje inn for lite betalt eigendel. Når bebuar dør, er det berre inntekt fram til dødsdagen som skal vere med i vederlagsutrekninga. Inntekter etter dødsdagen hører til arvingane/dødsbuet.

Kommunen sin rett og plikt til å foreta etteroppgjer opphører ikkje ved bebuar sin død. Omsynet til korrekt fastsett vederlag vil framleis gjelde. Sjølv om dødsbuet er eit nytt rettssubjekt, er det ikkje grunn til å gje dødsbuet/arvingane andre rettar og større vern enn det bebuaren sjølv hadde. Bebuar og dødsbu skal difor i utgangspunktet sidestillast når det gjeld etteroppgjersreglane.

Privat skifte er det vanlegaste når det gjeld oppgjer etter avdøde. I ein slik situasjon trer arvingane inn i avdøde sine rettar og plikter, jfr. skiftelova § 78. Dødsbuet/arvingane overtar avdødes eigendalar og gjeld, og det blir utstedt skifteattest for dette. Kreditorar kan då krevje dekning for sine krav mot avdøde hos kvar enkelt arving. Krav kan framsetjast sjølv om arvingane opplyser at buet er «gjort opp» og fordelt. Unntak frå dette gjeld dersom det er utstedt proklama. Krav på avdøde må då meldast innan 6 veker. Krav som ikkje er meldt innan fristen, vil bortfalle. Dette vil også gjelde for vederlagskrav.

Offentleg skifte er eit alternativ til privat skifte. Det medfører at tingretten eller byfuten (tidligare skifteretten) tek hand om skifte og oppnemner ein advokat som styrer det. Offentleg skifte er aktuelt dersom:

- Ingen av arvingane vil ta ansvar for avdøde si gjeld
- Arvingane er usamde
- Ein kreditor krev offentleg skifte
- Avdøde har bestemt i sitt testament at det skal vere offentleg skifte

Når alle spørsmål vedkomande bubehandlinga er avklart - herunder tvistar, dekking av avdøde si gjeld, m.v, vil bubesstyra oversende saka til tingretten som avsluttar det offentlege skiftet med ei slutning og utlodning (fordeling) til arvingane.

3. Nærare om rutinar og praksis for eigenbetaling for opphold i institusjon i Ørskog kommune

3.1 Saksbehandlinga - Krav til vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak og forvaltningslova (fvl.) sine saksbehandlingsreglar gjeld. I medhald av lova § 23 skal eit enkeltvedtak vere skriftleg og det skal grunngjevast, jfr. fvl. § 24. Fvl. § 25 har reglar om innhaldet i grunngjevinga. I tilknyting til vedtak om vederlag for opphold i institusjon bør følgjande vere opplyst i vedtaket:

- Heimel
- Kurdøgnprisen
- Månadleg vederlag
- Kva som blir trekt av NAVs pensjonsutbetalingar
- Kva som blir fakturert direkte av Ørskog kommune
- Dato for når vedtaket gjeld i frå

Det er også anbefalt at det i tillegg er viktig å opplyse om eventuelle skjønnsmessige tidsavgrensa frådrag, t.d. buutgifter.

Forvaltningslova § 35 har reglar som avgrensar kommunen sin rett til å foreta endring i eit forvaltningsvedtak til ugunst for parten. Det er difor viktig å opplyse bebuaren om at kommunen vil foreta kontrollbereking når skatteoppgjeren ligg føre, og at dette kan medføre eit etteroppgjer.

Kommunerevisjonen har vurdert innhaldet i vedtaka, og etter vår vurdering inneholder betalingsvedtaka nødvendig informasjon, med unntak av at dei reelle opphaldsutgiftene ved institusjonen ikkje er oppgitt. Det bør også gjevast informasjon om at usikre inntekter som ein veit vil komme, først blir tatt med i etteroppgjeren. Dette kan t.d. dreie seg om aksjeutbytte.

3.2 Kvalitetssikring

Kvalitetssikring av arbeidet er ein del av den interne kontrollen for å sikre rett saksbehandling og vedtak. Ved kommunerevisjonens gjennomgang, har ein sett på korleis denne fungerer når det gjeld vedtak om eigenbetaling og spesielt i høve reglane om etteroppgjer.

Forskrift om intern kontroll i sosial- og helsetenesta gjeld også for kommunen si utrekning av vederlag. Forskrifta § 3 slår fast at dette medfører «*systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og*

vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i eller medhold av sosial- og helselovgivningen». Dei ansvarlege i verksemda skal m.a. sørge for at dei som arbeider med vederlagsforskrifta har tilstrekkeleg kunnskap og erfaring til å gjere arbeidet på ein korrekt måte. Vidare at det skal ligge føre nødvendige prosedyrar og rutinar som sikrar at utrekninga av vederlag blir organisert og utført i samsvar med krava som følgjer av lov og forskrift.

Kommunerevisjonen sin gjennomgang viser at det var svikt i rutinane for etteroppgjer knytt til 2012. Det blir vist til dei tiltak som rådmannen har sett i verk.

3.3 Ørskog kommunes rutinar for berekning av vederlag og etteroppgjer

Kommunerevisjonen kontakta hausten 2013 dåverande ansvarleg saksbehandlar for handtering av vederlag for opphold i institusjon i Ørskog kommune. Tidspunktet for kontrollen var etter at endeleg likning for 2012 var klar. Siktemålet til revisjonen var ein gjennomgang av etteroppgjeret for 2012. Vi konstaterte at arbeidet med etteroppgjer for 2012 ikkje var sett i gang. Det vart frå kommunerevisjonen understreka at det var viktig at dette arbeidet vart prioritert. Frå saksbehandlar si side vart det opplyst at dette området var både vanskeleg og tidkrevjande, og at ein ønskte at andre tok over dette arbeidet. Det vart vidare opplyst at dette var tatt opp med rådmannen. Etteroppgjer for tidlegare år, er utført av ein tidlegare sekretær med lang erfaring på området.

Det er kommunerevisjonen si vurdering at rutinane for etteroppgjer før 2012 har fungert tilfredsstillande. Stikkprøver frå m.a. etteroppgjeret 2011 avdekkja ingen vesentlige feil. Rutinane har vore manuelle, og ei omlegging til automatiserte rutinar som inngår i eit saksbehandlingssystem, vil forenkle saksbehandlinga, auke kvaliteten på utrekninga av vederlaget og gje betre informasjon om korleis vederlaget blir utrekna ovanfor bebuar og pårørande.

Frå 01.08.2014 har ein eigen økonomikonsulent ved økonomiavdelinga handtert rutinane knytt til vederlagshandteringa i Ørskog kommune. Ein har også tatt i bruk saksbehandlingssystemet Visma Omsorg Profil, som er ei komplett løysing for pleie-, rehabiliterings- og omsorgstenesta i kommunen. Systemet handterer m.a. utrekning av vederlag, slutt- og etteroppgjer.

Etteroppgjeret for 2012 skjedde først etter 01.08.2014, og saman med etteroppgjeret for 2013. Dette gjorde at for enkelte vart det relativt store krav om tilbakebetaling.

Kommunerevisjonen ser dette som ein uheldig forvaltningspraksis, men ikkje ulovleg, jfr. det som er nemnt om forelding ovanfor. Dette må likevel sjåast i lys av at rådmannen vinteren 2014 var merksam på den svært uheldige situasjonen, og gjorde nødvendige grep med sikte på å etablere ei forsvarleg saksbehandling på området.

4. Kommunerevisjonen sin konklusjon

- a. Det er kommunerevisjonen si vurdering at med dei tiltaka som vart sett i verk frå 01.08.2014, vil kunne sikre at kommunens rutinar og praksis for eigenbetaling for opphold i institusjon er i samsvar med gjeldande regelverk.
- b. Det seine etteroppgjeret for 2012 har ikkje si årsak hos bebruarane, men er eit forhold som skuldast svikt i kommunens interne rutinar. Ørskog kommune må sjølv ta stilling til om denne svikten skal ha konsekvensar for eit evt. krav om tilbakebetaling, jfr. regelen om at kommunen har ein rett, men ikkje plikt til å krevje beløpet.
- c. Det må utarbeidast skriftlege rutinar for berekning av vederlag for opphold i institusjon i Ørskog kommune.

Kjetil Bjørnsen
Kommunerevisor

Vedlegg: Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester



Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester

Dato	FOR-2011-12-16-1349
Departement	Helse- og omsorgsdepartementet
Publisert	I 2011 hefte 13
Ikrafttredelse	01.01.2012
Sist endret	FOR-2014-12-17-1705 fra 01.01.2015
Endrer	FOR-1995-04-26-392
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-2011-06-24-30-§11-2
Kunngjort	23.12.2011 kl. 15.15
Rettet	
Korttittel	Forskrift om egenandel for helse- og omsorgstjenester

Kapitteloversikt:

Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv. (§§ 1 - 7)

Kapittel 2. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester utenfor institusjon (§§ 8 - 10)

Kapittel 3. Egenandel for kommunal legehjelp og fysisk behandling (§§ 11 - 12)

Kapittel 4. Klage og ikrafttreden (§§ 13 - 14)

Hjemmel: Fastsatt av Helse- og omsorgsdepartementet 16. desember 2011 med hjemmel i lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) § 11-2.

Endringer: Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281, 17 jan 2013 nr. 61, 22 april 2013 nr. 408, 12 des 2013 nr. 1448, 11 juni 2014 nr. 846, 17 des 2014 nr. 1705.

Kapittel 1. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv.

§ 1. Vilkår og definisjoner

Kommunen kan kreve egenandel for opphold i institusjon som nevnt i helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c når kommunen helt eller delvis dekker utgiftene til opphold i slik institusjon, eller har stillet garanti for oppholdet.

Det kan likevel ikke kreves egenandel for:

- a) korttidsopphold som primært ytes for å avlaste pårørende i deres omsorgsoppgaver
- b) døgnplasser som kommunen oppretter for å sørge for tilbud om døgnopphold for øyeblikkelig hjelp.

I forskriften her menes med

- a) *korttidsopphold*: Tidsavgrenset opphold i institusjon gitt som døgnopphold, dagopphold eller nattopphold.

b) *langtidsopphold*: Opphold i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrenset opphold når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

§ 2. *Om vedtaket*

Den kommunen som har stilt garanti eller dekker oppholdsutgiftene treffer vedtak om egenandel etter denne forskriften.

Det skal underrettes skriftlig om at det kan treffes vedtak om betaling i samsvar med denne forskriften. Slik underretning skal gis før eller senest samtidig med at avtale om flytting til institusjon mv. blir inngått. Underretningen skal gis til beboeren. I de tilfeller hvor beboeren ønsker det eller hvor vedkommende er ute av stand til å motta underretning, skal slik underretning også gis til verge eller nærmeste pårørende.

Når vedtak om betaling er truffet skal kommunen straks gi underretning om dette til beboeren. Det skal videre gis opplysning om klageadgangen.

0 Endret ved forskrift 22 april 2013 nr. 408 (i kraft 1 juli 2013).

§ 3. *Egenandelens størrelse ved langtidsopphold*

Egenandelen må ikke overstige de reelle oppholdsutgifter. Kapitalutgiftene skal ikke tas med i beregningen av oppholdsutgiftene. Kommunen fastsetter oppholdsutgiftene ved den enkelte institusjon.

Av inntekter inntil folketrygdens grunnbeløp, fratrukket et fribeløp på kroner 7 500 pr. år, kan det kreves betalt 75 prosent årlig. Av inntekter utover folketrygdens grunnbeløp betales inntil 85 prosent. Betalingen skal begrenses slik at enhver har i behold til eget bruk minst 25 prosent av folketrygdens grunnbeløp i tillegg til fordelen av fribeløpet. Beboer som, uten selv å ønske det, legges på dobbeltrom skal ved beregningen tilstås et fribeløp på kroner 36 200 pr. år.

Kommunen kan kreve egenandel av barn som har opphold i institusjon. En forutsetning for kommunens egenandelskrav er at barnet har selvstendig inntekt. Foreldrenes inntekts- og formuesforhold skal holdes utenfor egenandelsberegningen.

Som inntekt regnes årets inntekter på grunnlag av pensjon, andre løpende trygdeytelser, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leieinntekt, renter og annen avkastning av formue, etter fradrag av skatt og gjeldsrenter. Avkastning av erstatning for fremtidige utgifter regnes ikke som inntekt.

Kommunen kan kreve opplysninger om inntektsforhold som er nødvendig for å kunne fastsette egenandelen.

Dersom beboerens økonomiske situasjon endrer seg vesentlig, eller tidligere vedtak viser seg å bygge på uriktige opplysninger, skal saken tas opp til ny vurdering. Viser skatteoppgjøret for foregående år at det ikke er beregnet riktig egenandel, skal det skje et etteroppgjør.

Arbeids- og velferdsetaten kan holde tilbake utbetaling av trygdeytelser og andre samordnede yteler som legges til grunn for betaling av egenandel etter denne forskrift, jf. folketrygdloven § 22-7.

0 Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281 (i kraft 1 jan 2013), 12 des 2013 nr. 1448 (i kraft 1 jan 2014), 11 juni 2014 nr. 846 (i kraft 1 juli 2014), 17 des 2014 nr. 1705 (i kraft 1 jan 2015).

§ 4. *Egenandelens størrelse ved korttidsopphold*

Kommunen kan ta betaling med inntil kroner 147 pr. døgn for korttidsopphold og med inntil kroner 77 for det enkelte dag- eller nattopphold.

0 Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281 (i kraft 1 jan 2013), 12 des 2013 nr. 1448 (i kraft 1 jan 2014), 17 des 2014 nr. 1705 (i kraft 1 jan 2015).

§ 5. *Fradrag i beregningsgrunnlaget*

Dersom den som oppholder seg i institusjon mv. har hjemmeboende ektefelle eller mindreårig barn, eller helt eller delvis forsørger barn over 18 år, skal det gjøres fradrag i beregningsgrunnlaget.

Fradraget skal minst tilsvare de brutto pensjonsytelser ektefelle/barn ville fått fra folketrygden dersom institusjonsbeboeren var død. Dersom ektefelle/barn mottar egen arbeidsinntekt eller pensjon fra folketrygden, skal de beregnede brutto pensjonsytelser i forrige punktum reduseres krone for krone mot ektefelle/barns arbeidsinntekter og pensjon fra folketrygden.

I tillegg gjøres det fradrag med et beløp som tilsvarer 50 prosent av beboerens brutto offentlige pensjoner etter samordning og 50 prosent av beboerens brutto private pensjonsytelser.

Fradrag kan også fastsettes på grunnlag av hva som er rimelig ut fra vedkommendes inntekt og forholdene for øvrig.

Dersom det i særlov er gitt bestemmelser om minsteytelse under opphold på institusjon mv. skal disse legges til grunn.

Fradrag skal skje etter at inntekten er fratrukket skatt og gjeldsrenter.

§ 6. Tidsrom for betaling av egenandel

For langtidsopphold kan krav om egenandel først gjøres gjeldende etter en måned regnet fra innflyttingsdato. Ved flytting direkte fra annen institusjon eller privat forpleining skal tiden for opphold i denne institusjon mv. medregnes.

Kommunen har adgang til å ta betaling for korttidsopphold og dag- eller nattopphold fra første dag.

Har beboeren hatt flere korttidsopphold kan kommunen kreve egenandel etter § 3 når vedkommende har vært på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår.

Plikten til å yte egenandel gjelder til og med den dag institusjonsoppholdet opphører.

§ 7. Hvilke tjenester omfattes av egenandelen

Egenandelen skal omfatte kost, losji, medisiner mv. samt helse- og omsorgstjenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstjenesteloven.

Kapittel 2. Egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester utenfor institusjon

§ 8. Kommunens adgang til å fastsette egenandel og betalingssatser for praktisk bistand og opplæring

Kommunen kan selv fastsette regler for betaling av egenandel og betalingssatser for praktisk bistand og opplæring etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav b, herunder for brukerstyrt personlig assistanse, som ikke er til personlig stell og egenomsorg.

Med personlig stell og egenomsorg menes hjelp til å stå opp og legge seg, personlig hygiene, toalettbesøk, til å kle av og på seg, hjelp til å spise, nødvendig tilsyn og tilsvarende grunnleggende behov.

Egenandel kan bare kreves av den som mottar tjenesten. Dersom det ytes tjenester i hjemmet på grunn av et mindreårig barns hjelpebehov, anses hjelpen ytt til foreldrene.

§ 9. Beregning av egenandel for praktisk bistand og opplæring

Egenandelen skal ikke overstige kommunens egne utgifter til angjeldende tjeneste (selvkost). Betales tjenestene etter en abonnementsordning kan egenandelen ikke overstige kommunens samlede selvkost for tjenestene til den enkelte i den måneden abonnementet omfatter.

Selvkost beregnes til en gjennomsnittlig timelønn for den tjenesten som utføres, tillagt sosiale utgifter samt administrasjonsutgifter som skal utgjøre 10 prosent av timelønnen og sosiale utgifter. Tidsforbruket rundes av til nærmeste halvtime.

Egenandelen kan ikke settes høyere enn at vedkommende beholder tilstrekkelig til å dekke personlige behov og bære sitt ansvar som forsørger.

Det kan ikke kreves dekning i vedkommendes formue.

§ 10. Samlet inntektsgradert utgiftstak for praktisk bistand og opplæring

Når kommunen bestemmer den maksimale egenandelen en person skal betale pr. år for tjenester som nevnt i § 8 skal betalingen beregnes på grunnlag av husstandens samlede skattbare nettoinntekt før særfradrag. Siste tilgjengelige skatteligning pr. 1. januar i det aktuelle året legges til grunn med mindre inntekten er vesentlig endret. Til inntekten legges også hjelpestønad fra folketrygden til hjelp i huset, mens omsorgslønn etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6 skal trekkes fra inntektsgrunnlaget.

Dersom husstandens samlede skattbare nettoinntekt før særfradrag er under 2 G, skal den samlede egenandelen for tjenester som nevnt i § 8 ikke overstige et utgiftstak på kroner 186 pr. måned. Til grunn for fastsetting av utgiftstaket legges G pr. 1. januar i det aktuelle året.

Til husstanden regnes bare ektefeller eller samboere og i tillegg barn under 18 år, dersom hjelpen ytes på grunnlag av barnets omsorgs- eller pleiebehov.

Hvis et av husstandens medlemmer betaler egenandel for langtidsopphold etter kapittel 1 eller mottar avkortede trygdeytelser på grunn av opphold utenfor hjemmet, regnes vedkommende ikke som medlem av husstanden etter bestemmelsen i andre ledd.

Kommunen skal minst årlig oppdatere egenandsvedtaket ut fra nye opplysninger i likning og ny G.

Departementet gir veiledende retningslinjer for beregningen av egenandel for tjenester som nevnt i § 1.

0 Endret ved forskrifter 17 des 2012 nr. 1281 (i kraft 1 jan 2013), 12 des 2013 nr. 1448 (i kraft 1 jan 2014), 17 des 2014 nr. 1705 (i kraft 1 jan 2015).

Kapittel 3. Egenandel for kommunal legehjelp og fysikalsk behandling

§ 11. Den som har rett til stønad ved helsetjenester etter lov om folketrygd skal betale egenandel for hjelp hos lege eller fysioterapeut ansatt i kommunens helse- og omsorgstjeneste, dersom det ikke i forskrifter etter folketrygdloven § 5-4 og § 5-8 er bestemt at det skal ytes stønad etter honorartakstene. Det samme gjelder for den som har rett til slik stønad i henhold til gjensidighetsavtale med annet land om sosial trygghet, inngått i medhold av lov om folketrygd § 1-3.

Egenandelen skal i det enkelte tilfelle svare til forskjellen mellom den honorarsats som til enhver tid gjelder etter avtale mellom staten og Den norske legeforening, respektive Norsk Fysioterapeutforbund, og folketrygdens refusjonssats.

§ 12. Den som ikke har rett til stønad ved helsetjenester etter lov om folketrygd eller gjensidighetsavtale skal betale egenandel som i det enkelte tilfelle svarer til honorarsatsene som er nevnt i § 11 andre ledd.

Kapittel 4. Klage og ikrafttreden

§ 13. Klage og omgjøring

Ved klage på vedtak om betaling av egenandel etter kapittel I og II gjelder bestemmelsene i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7.

Helsedirektoratet er overordnet forvaltningsorgan med adgang til å omgjøre vedtak uten klage, jf. forvaltningsloven § 35.

0 Endret ved forskrift 17 jan 2013 nr. 61.

§ 14. *Ikrafttreden*

Denne forskriften trer i kraft 1. januar 2012. Fra samme tid oppheves forskrift 26. april 1995 nr. 392 om vederlag for opphold i institusjon m.v.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 02.07.2015

**SAK 13/15
PROSJEKTSKISSE – SAKSUTGREIING OG OPPFØLGING AV POLITISKE
VEDTAK I ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følgjer:

- Prosjektskisse – Saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Ørskog kommune

Det blir vist til prosjektskissa. Kontrollutvalsekretariatet har ikkje merknader til denne.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet godkjenner prosjektskissa for saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Ørskog kommune.

Harald Rogne
dagleg leiar

Prosjektskisse

*Saksutgreiing og oppfølging av politiske
vedtak i Ørskog kommune*



1. Innleiing

Ved behandling av kontrollutvalssak 12/13: Plan for forvaltningsrevisjon – Ørskog kommune, vart det 27.08.2013 vedtatt følgjande innstilling:

I prioritert rekkefølge av forvaltningsrevisjonane det er lagt opp til (1-2), er det gjort slik rangering

1. Intern styring og kontroll
2. Sakshandsaming/vedtaksoppfølging

Kontrollutvalet får delegert mynde til å vedta eit meir detaljert prosjektinnhald innanfor dei tema som kommunestyret gjer vedtak om.

Kommunerevisjonen kan ikkje finne at plan for forvaltningsrevisjon er handsama i kommunestyret med eige vedtak. Det ser ut til at sak er lagt fram som ei av fleire referatsaker i kommunestyremøtet 26.09.2013. Vi legg likevel denne prosjektskissa fram til handsaming i Ørskog kontrollutval.

Kommunerevisjonen foreslår mao. å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon av saksutgreiingar/vedtaksoppfølging i Ørskog kommune. Oppdraget vil bli utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Prosjektet vil bli gjennomført parallelt i fleire kommunar i løpet av 2015.

2. Formål og problemstillingar

Formålet med forvaltningsrevisjonen er å gi eit grunnlag for å vurdere system og rutinar rådmannen har for utarbeiding, iverksetting og oppfølging av politiske vedtak i Ørskog kommune.

2.1 Sakshandsaming

På grunnlag av prosjektets formål er det utarbeidet følgjande problemstillingar:

1. I kva grad er saker som blir lagt fram til politisk handsaming tilstrekkeleg utgreidd frå administrasjonen si side?
2. Kva slags utfordringar møter administrasjonen i utgreiingsarbeidet?
3. Er innstilling til vedtak klart formulert?

Vestfold kommunerevisjon har gjort i fleire kommunar i Vestfold i samband med forvaltningsrevisjon av same temaet.

3.3 Utval av saker og vedtak for nærmere undersøking

Det vil bli valt ut et enkeltsaker for nærmere undersøking av innhald i sjølv saksutgreiingane.

Kommunerevisjonen vil og velje ut enkelte vedtak for å sjå korleis desse vedtaka har blitt følgde opp.

4. Revisjonskriterier

Datagrunnlaget som blir samla inn skal vurderast opp mot fastlagde kriterier, såkalla revisjonskriterier. Revisjonskriterier skal utleiaast frå autoritative kjelder i samsvar med krava i standard for forvaltningsrevisjon, på grunnlag av lover og anna regelverk, samt relevante kommunale styringsdokument, vedtak og retningsliner.

Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven). Lov 1991-09-25 nr. 107 kap. 4, § 23, pkt 2:

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instrukser, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.»

Det går ikkje eksplisitt fram kva som ligg i «forsvarlig utredet», men det må vere slik at saker skal vere utgreidd på ein slik måte at politisk leiing har eit kvalifisert grunnlag for å gjere vedtak. Praksis tilseier at ei saksutgreiing bør innehalde:

- Bakgrunn for saka
- Fakta
- Vurdering
- Aktuelle lover og forskrifter og eventuelle juridiske konsekvensar
- Eventuelle økonomiske konsekvensar (budsjettreg.)
- Eventuelle miljømessige konsekvensar
- Konklusjon
- Tilråding

Det vil og vere naturleg å ta utgangspunkt i kommunen sine eigne reglement og rutinar/handbøker i samband med revisjonskriterier.

Førebelse revisjonskriterium:

- Kommunen skal ha eit system som sikrar at saker til politisk handsaming er

Denne spørjeundersøkinga er meint å vere ei av fleire datakjelder for ved forvaltningsrevisjon av sakshandsaming/vedtaksoppfølging i Ørskog kommune.

Spørjeundersøkinga blir retta til administrasjon og politikarar.

Undersøkinga vil bli framstilt i anonymisert form.

1) * Er du politikar eller sakshandsamar i Ørskog kommune?

- Politikar
 - Sakshandsamar
 - Begge deler
-

Spørsmål til administrasjon/sakshandsamarar

2) Oppfatting av eiga rolle som sakshandsamar i saksførebuingar før politiske vedtak er fatta.

	Heilt einig	Einig	Ueinig	Heilt ueinig	Veit ikkje
Eg diskuterer alltid saker grundig med politikarane før eg skriv eit saksframlegg	<input type="radio"/>				
Eg tilpassar alltid konklusjonen i ei saksutgreiing til dei signal eg får frå politikarane	<input type="radio"/>				
Eg tilrår alltid den beste faglige løysinga i ei sak, sjølv om eg veit at det vil møte motstand hos politikarane.	<input type="radio"/>				
Det hender at eg lar vere å presentere saksopplysningar som eg veit enkelte politikarar ikkje liker	<input type="radio"/>				
Eg presenterer alltid alle relevante saksopplysningar sjølv om eg veit at det vil minske sannsynlegheten for at administrasjonen sitt forslag blir vedteke	<input type="radio"/>				
I saker der det er konflikt mellom politiske grupper er eg svært påpasseleg med å ikkje fremme informasjon som kan vanskeleggjere sjansen for politisk kompromiss	<input type="radio"/>				

Dersom politikarane spør meg,
argumenterer eg gjerne for
administrasjonen sitt forslag til
vedtak

Det er viktig å overtale politikerne
til å gjøre det vedtaket eg meiner
er best

Eg tek svært ofte kontakt med
politikarane før eit politisk møte
for å høyre kor dei står i ei sak

Eg arbeider ofte aktivt for å få eit
politisk fleirtal for det forslaget eg
meiner er best

3) Oppfatting av eiga rolle som sakhandsamar etter at politiske vedtak er fatta.

Heilt einig	Einig	Ueinig	Heilt ueinig	Veit ikkje
----------------	-------	--------	-----------------	---------------

Eg forsøker aldri å endre innhaldet
i eit politisk vedtak, sjølv om eg er
ueinig i det.

Et set i verk politiske vedtak lojalt,
sjølv om eg er ueinig i vedtaket.

Eg meiner at det er mi plikt som
fagperson å seie klart ifrå til
politikarane når dei vedtek noko
eg meiner er fagleg feil eller
dårlig.

I enkelte tilfelle er det mi plikt
som fagperson å gå ut i media og
kritisere eit politisk vedtak.

Spørsmål til politikarar:

4) Politikarane sin definisjon av administrasjonen si rolle før politiske vedtak vert fatta.

Svært ofte	Ofte	Av og til	Sjeldan	Aldri
---------------	------	-----------------	---------	-------

Kor ofte føler du det slik at
administrasjonen driv
«lobbyverksemد» for å få
gjennom eit vedtak dei ønskjer?

Kor ofte opplever du det slik at
administrasjonen går i allianse
med enkelte politikarar for å vere
sikre på at dei får gjennom «sitt»
forslag?

Kor ofte opplever du at
administrasjonen danner ein

«elite» saman med dei mest sentrale politikarane?

5) Politikarane sin definisjon av administrasjonen si rolle før politiske vedtak vert fatta.

	I	Verken einig eller	I	
Heilt einig	hovudsak einig	ueinig	hovudsak ueinig	Heilt ueinig

Administrasjonen bryr seg lite om dei signaler politikarane gir når dei utarbeidar sine saksførebuingar.

Når administrasjonen har bestemt seg for noko er det umogleg for oss politikarar å endre det.

6) Politikarane sin definisjon av administrasjonen si rolle etter at politiske vedtak er fatta.

	Svært ofte	Ofte	Av og til	Sjeldan	Aldri
--	---------------	------	-----------------	---------	-------

Kor ofte opplever du at administrasjonen trenerer saker dei ikkje liker?

Kor ofte opplever du at administrasjonen bevisst endrar innhald i politiske vedtak når vedtaket skal verksetjast?

Kor ofte føler du at administrasjonen arbeider aktivt for å få gjort om politiske vedtak dei ikkje liker?

7) Politikarane sin definisjon av administrasjonen si rolle etter at politiske vedtak vert fatta.

	I	Verken einig eller	I	
Helt einig	hovudsak einig	ueinig	hovudsak ueinig	Helt ueinig

Administrasjonen i vår kommune set lojalt i verk dei politiske vedtak som blir fatta.